

Uskedalen har ikkje nett vore kjend for travsportmiljøet i bygda. No kan det fort bli ei endring på det. Dei siste åra har det vorte fostra opp tre svært talentfulle travhester i bygda. Alle tre kan no vera ved starten av lysande karriere. Halvard og Gudrun Døssland eig to av hestane, medan Anne Berit og Magne Huglen er eigarar av den tredje.

Halvard og Gudrun eig treårshoppa Døsslandpia og den to år gamle hingsten Døsslandpil. I tillegg dei eit føl, søstera til dei to førstnemnde, og mor til dei tre.

Halvard fortel at han alltid har vore interessert i hest. Han vaks opp på gard der fjordingen var ein naturleg ven og arbeidskar. Han seier vidare at hesteinteressa fekk eit ekstra puff då svigersonen, Thomas Petersen, kom inn i familien. Saman med dotter til Halvard og Gudrun, Trude Helen, driv Thomas med travhester i Hurdal i Akershus. Mora i hestefamilien på Døssland er såleis kjøpt frå Hurdal.

Halvard trenar hestane sjølv, men i periodar er hestane i Bergen. Der er det Øyvind Austevoll, son til den velkjende kusken M. Austevoll, som tar seg av dei. Dette er nødvendig, for skal hestane kunne delta i løp, må dei ha vore gjennom mønstringsløp og prøveløp.

Dette er Døsslandpia ferdig med, idag er kaldblodshoppa klar for sitt første ordinære konkurranseløp. Då stiller den til start på Forus Travpark i Stavanger. Det vert ein spennande dag, særleg for hesteeigarane.

2-åringen Døsslandspil skal no gjennom mønstringsløp, og går det slik Gudrun og Halvard håpar, er det ikkje så langt fram før også denne deltek i ordinære løp.

Anne Berit og Magne Huglen har den 3 år gamle varmbloodshoppa Alley Star. Magne fortel at den er svært lovande. – Ho har eit svært godt genetisk opphav både på morsida og farsida, kan eg sei, utan å ta for hardt i. Ho har svært kjende slektingar som Gentle Star og Siggie Star. – Han seier vidare at hesten snart har vore på Bergen Travpark i eit år, riktig nok avbrote av ein to månaders sommarferie på Dønhaug. I Bergen vert den trena av tidlegare nemnde Øyvind Austevoll.

Det har vore stor framgang på dei siste treningsresultata. Hesten er no god nok til å gå løp, men trenaren vil venta til den kan hevda seg, og det kan verta innan kort tid.

- Dette gjer vi først og fremst på skøy, og fordi vi er interessert i hest. Og så er det vel litt større sjanse for å vinna enn om vi spelar i Lotto, - seier Magne med eit smil, før han legg til, - det vi veit sikkert til no, er at det er store utgifter før vi kjem så langt at vi kan vinna noko. -

Det vert spennande å følgja utviklinga i travmiljøet i bygda framover. Først på Forus no idag, tirsdag, men og i løp lenger fram i tid. Dette er noko nytt som kan vera med å markera Uskedalen på nok ein positiv måte.

Av Thor Inge Døssland